



Masfjorden kommune

Vedtekter for Masfjorden ungdomsråd gjeldt frå august 2021

§1. Mandat, føremål og oppgåver

a) Masfjorden ungdomsråd er eit vald organ med oppgåve å ivareta interessene til barn og ungdom i Masfjorden kommune

b) Masfjorden ungdomsråd består av 6 til 8 medlemmar, kvart medlem har ein vara, det er i tillegg 1 kommunerepresentant og 1 kontaktperson frå administrasjonen

*«Kommunestyret skal sjølv velge et eldreråd, et råd for personer med funksjonsnedsettelse eller et ungdomsråd eller annet med virkningsorgan for ungdom. **Ungdomsrådet** eller medvirkningsorganet for ungdom skal ha en va/periode på inntil to år. Medlemmene i ungdomsrådet eller medvirkningsorganet for ungdom skal på va/tidspunktet ikke ha fylt 19 år.»* (jfr. Lov om kommunar og Fylkeskommunar § 5-12.)

e. Ungdomsrådet får høve til å stilla med 2 representantar som har talerett i kommunestyret og formannskapet i saker som ungdomsrådet har gjeve skriftleg uttale i.

§2.Sammensetning og val

Kvar skule/oppvekstområdet vel kvart år i mai ein leiar og ein nestleiar til sitt neste elevråd og kommunen sitt ungdomsråd, eller representantar for desse. Medlemmane må ha kvar sin vara i rekkefølge. Resultatet skal sendast til Masfjorden kommune. Medlemmane vert vald for 1 år, men moglegheit til å sitje i 2 år. For å få kontinuitet i Ungdomsrådet ynskjer ein at minimum to medlemmar i sitjande råd tek attval, for å ha med vidaregåande/lærling. Dersom ingen i ungdomsrådet ynskjer attval lyser ein på Masfjorden kommune si heimeside etter 2 medlemmar og to vara mellom 16 og inntil 19 år.

Kommunestyret vedtar samansetjinga av ungdomsrådet etter innstilling frå rådmannen.

Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv og vel sjølv sin leiar og nestleiar blant medlemmane. Desse utgjer ei arbeidsgruppe der leiar har dobbelrøyst dersom det er likt røystetal i ei sak.

Rådmannen oppnemner kontaktperson frå administrasjonen . Kontaktpersonen sine oppgåver er:

- Laga retningsliner for val
- Hjelpa ungdomsrådet med å etablere kontakt med kommunale organ
- Ha ansvar for kontinuitet i ungdomsrådet
- Ha ansvar for opplæring og informasjon



Masfjorden kommune

§.3 Møteverksemd

a) Ungdomsrådet har møte minst 2 gonger kvart halvår, men elles så ofte det er behov.

Møta er opne. Arbeidsutvalet har løpande kontakt med kommunen sin kontaktperson .

b) Innkalling til møta med sakliste skjer frå Ungdomsrådet sin leiar i samarbeid med kommunen sin kontaktperson, minst ei veke på førehand. Saker som skal opp til handsaming, må vera sendt leiar/kontaktperson i god tid før møtet. Ungdomsrådet kan fremja dei sakene dei er opptekne av.

c) Møta vert leia av leiaren, og av nestleiar dersom leiar ikkje er til stades

d) Medlemane har møteplikt dersom dei ikkje har gyldig tråvere som t.d. sjukdom,eksamen, uforholdsvis lang reiseveg etc.

e) Ungdomsrådet kan kalla inn ordførar, rådmann eller andre i administrasjonen til møta.

§ 4.Oppgåver

Ungdomsrådet er rådgivande organ for kommunen.

Rådet har rett til uttale i alle saker som gjeld ungdom. Slike saker skal kommunestyret forelegge for rådet.

Kommunestyret skal etablere rutinar som sikrar at rådet mottek sakene på eit så tidlig tidspunkt i sakshandsaminga, at uttalane frå rådet har maglegheit til å påverka utfallet av sakene. Rådene kan også ta opp saker på eige initiativ. Uttalane skal følgje saksdokumenta til det kommunale organet som avgjer sakene endeleg.

Rådet skal ikkje behandle saker som gjeld avgjersler overfor enkeltpersonar. Kommunestyret kan gje rådet mynde til å fordele beviljingar .

Ungdomsrådet skal kvart år utarbeida kvar si årsmelding som skal leggjast frem for kommunestyret frå og med 2020.

Medlemmar av ungdomsrådet kan få møte og talerett i folkevalde organ som Kommunestyret .